



Saksframlegg

Arkiv: K2-L12
ArkivsakID: 24/86
JournalpostID: 25/3278
Sakshandsamar: Anne Kristine Dyrdal
Dato: 17.10.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
070/25	Formannskap	29.10.2025

Høyring og offentlig ettersyn av framlegg til reguleringsplan for Rørdalsfjorden bru

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Reguleringsplan for Rørdalsfjorden bru vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i 6 veker i samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-10.

29.10.2025 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-070/25 Vedtak i:

Reguleringsplan for Rørdalsfjorden bru vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn i 6 veker i samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-10.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Lenke til innsyn sak 24/86 Reguleringsplan Rørdalsfjorden bru - høyringsdokument dokumentID 2025/3076: [Søk og postliste - Solund kommune](#) (nedste journalpost).

Kva saka gjeld:

Vestland fylkeskommune starta i 2024 samarbeid med Solund kommune arbeidet med reguleringsplan for fv. 5591 Rørdalsfjord bru. Bakgrunnen for planarbeidet er behovet for ny bru over Rørdalsfjorden, då dagens bru er smal og legg begrensingar på transport og framkomst. Etter etablering av ny bru over Ytre Steinsund, vil all trafikk til og frå Ytre Sula bli

flytta sørover og leidd via fv. 5591 Nâravegen og Rørdalsfjord bru. For å sikre trygg og effektiv trafikkavvikling, må brua og tilhøyrande vegstrekning oppgraderast.

Saksutgreiing:

Føremål


Med ny bru over Ytre Steinsund vil all trafikk på Ytre Sula bli flytta lengre sør på øya, og vil måtte gå via fv. 5591 Nâravegen og Rørdalsfjord bru. Dagens bru legg begrensingar på transport på strekninga, og denne utfordringa vil bli ytterlegare aktualisert når all trafikk til Ytre Sula skal leiast inn på Rørdalsfjord bru. Strekninga er om lag 1,2 km og tilfredsstillar ikkje krava i vegnormalen. For å oppnå full effekt av den nye brua over Ytre Steinsund, må brua over Rørdalsfjorden vere i stand til å ta i mot trafikk frå det nye sambandet.

Føremålet med planarbeidet, er å gjere brua og vegstrekninga meir trafikksikker og framkommeleg for alle typar køyretøy. Prosjektet vil bidra til å betre framkome for næring og busetnad på Ytre Sula, som vil gje meir verdiskaping for samfunnet, både lokalt på Ytre Sula og for Solund som kommune.

Planen legg til rette for ny bru og utbetring av om lag 1,2 km veg, med tofeltsveg etter gjeldande standard. Alternativ 1B frå silinga i forprosjektet er valt som løysing grunna god landskapstilpassing og lågare kostnad. Tiltaket vil gi vesentleg betre framkomst og trafikktryggleik. Landskapstilpassing er vektlagt og ny bru vil få eit meir nøytralt uttrykk enn dagens fagverksbru.

Planområdet

Planområdet omfattar området rundt Rørdalsfjord bru langs fylkesveg 3391, Nâravegen. Delar av veglinja på begge sider av fjorden er inkludert i plangrensa for å opna for punktvisse utbetringar. Strekninga er om lag 1,2 km lang og følgjer Rørdalsfjorden og dagens eksisterande vegtrasé.



Figur. 12. Utsnitt av reguleringsplankart.

Planstatus og dagens arealbruk

Det er Solund kommune sin arealplan som gjeld for området og det er ikkje reguleringsplanar for området. Området i dag er sett av til LNF (landbruk, natur og friluftsliv), dette gjeld også vegen. Det er generelt sett ikkje uvanleg at veg ligg inne som LNF i kommuneplanar.


Dei største inngrepa i området er fylkesvegen, brua og ei kraftlinje. Området omfattar ein kystnatur med lite bygg og busetnad. På vestsida av brua ligg ei flytebrygge. På vestsida av fjorden og nord for brua ligg det eit naust på gbnr. 10/1-2. Naustet har gangtilkomst frå parkeringa på vestsida av brua. Lengre sør langs fylkesvegen ligg eit bustadhus nytta som fritidsbustad, med garasje/uthus og eit naust. På austsida av fjorden ligg ein fritidsbustad på gbnr.12/9. Fritidsbustaden er utan vegtilkomst, men med parkering ved fylkesvegen og sti inn til fritidsbustaden. Alle byggetiltaka nemnt her ligg utanfor planavgrensinga, men gangtilkomsten til flytebrygge, naust (gbnr. 10/1-2) og fritidsbustad (gbnr.12/9) ligg i planområdet.

Planframlegget

I samband med oppstart av planarbeidet blei det i planinitiativet konkludert med at planarbeidet ikkje fell inn under verkeområdet for §§ 6 og 8 i forskrift om konsekvensutgreiingar. Kommunen støtta denne vurderinga i oppstartsmøtet og konkluderte med at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing ved varsel om oppstart av planarbeidet. Etter oppstartvarselet har Statsforvaltaren gjort merksam på at vurderinga etter § 10 bokstav b ikkje er tilstrekkeleg, grunna registrering av ein sterkt truga art i nærleiken av planområdet. Statsforvaltaren har vurdert at planarbeidet fell inn under KU-forskrifta, og tilrådde ei avgrensa konsekvensutgreiing med fokus på naturmangfald, i tråd med metodikken i Miljødirektoratets handbok M-1941. Denne er gjennomført, medan dei andre temaa er omtala i planomtalen saman med fagrapportar.

Planframelegget omfattar byggeformål samferdsle med formål som veg, teknisk anlegg, grøntareal, parkering, i tillegg til LNF og kombinerte formål i sjø. Dei ulike formåla har føresegner som opnar for kva som er tillate knytt til kvart formål.

Det har blitt vurdert ulike val av løysing, og det er landa på eit alternativ med kort fylling, som gir slakare kurver på på begge sider enn dagens bru. Bru vert lagt sør for dagens bru, og er kalla alternativ 1B. Alternativ 1B har kortare bruspenn, nyttar eksisterande fylling som støtte, og gir god landskapstilpassing. Kostnaden er også lågare enn samaliknbare alternativ. Ulempa er at det ligg nær dagens bru, noko som kan gi utfordringar under bygging.



Figur 21. Alternative veg- og brulinjer for kryssing av Rørdalsfjorden.

Prosjektet blir planlagt som ein tofelts veg med tverrsnitt på 6,5 meter, fordelt på 2,75 meter køyrebane og 0,5 meter skulder på kvar side. I planlegginga er det vurdert at ein 2-felts veg med krav til stoppesikt (kor synskravet er stoppesikte) gir betre landskapstilpassing. Det vil gi jamnare horisontale og vertikale kurver, mindre terrenginngrep enn ein 1-felts veg. Samstundes er det truleg meir kostnadseffektivt. Det skal ikkje byggjast gatelys på strekninga, forutan lyssetting på sjølve brua, som vert detaljprosjektert og avklart i byggjefase.

Det totale behovet for fyllingsmassar i prosjektet er om lag 27 000 m³, der rundt 26 000 m³ er planlagt nytta til sjøfylling. Dei resterande massane vil bli henta lokalt frå planområdet, mellom anna frå skjeringar og sideareal. Det er vidare planlagt uttak og bruk av om lag 13 500 m³ fjellmasse frå nærliggande område innanfor plangrensen til prosjektet. Det er tilgang på om lag 6000 m³ overskotsmassar frå arbeidet med Ytre Steinsund bru. Desse massane er allereie transporterte og lagra i prosjektområdet nær Rørdalsfjord bru. I tillegg er det mogleg å hente ytterlegare om lag 2000 m³ stein frå same prosjekt.

Omsyn og verdiar

Prosjektet vil generelt medføre mindre endringar i landskapsbiletet, sidan brua og skjeringar vert liggande omlag på same stad som den gamle. Brua vert høgare, men visuelt meir nøytral. Det er planlagt skadereduserande tiltak som fjerning av delar av gamal fylling og fjerning av gamal bru. Straumforholda i bruløpet er vurdert til å ikkje bli påverka.

Det er fleire raudlista artar i området og i influensområdet for tiltaket, og det er vurdert til at tiltaket vil få noko negativ konsekvens for naturmangfald på land. Det vert difor lagt opp til fleire skadereduserande tiltak, som reduksjon av anleggsområdet og føresegner som styrer når ulik aktivitet kan skje. I sjø er det også kartlagt verdiar som krev skadereduserande tiltak ved å redusere partikkelspreiing.

Det er fleire kulturminner ved brua, deriblandt ein steinalderlokalitet som ligg innanfor reguleringsplanområdet. Konsekvensen er vurdert til å vere ubetydeleg negativ, men det lagt opp til skadereduserande tiltak ved å gjerde området inne i anleggsfasen, og å vise omsyn i vedlikehaldsfasen.

Utbygginga er vurdert til å gje små konsekvensar for strandsone og friluftsliv, og moderate konsekvensar for naturressursar. Faren for snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred og

kvikkleire er vurdert som liten eller fråverande. Det er fare for flaum og havnivåstigning og dette er teke omsyn til i prosjekteringa. Det vil bli auka støy i området under utbygginga, og det primære avbøtande tiltaket er dialog.

Det er gjort utrekningar av klimagassutsleppet ved bygging og vedlikehald av brua, og det er det meste kjem frå sjølve utbygginga. Tiltak kan redusere utsleppet med ein tredjedel. I berekraftsanalysen svarar fagressursane i hovudsak at påverknaden er positiv, med unntak for miljø. Svara visar også at det er usikkerheit seinare i prosjektet og det er difor viktig å ivareta avbøtande tiltak for naturmangfald, følgje opp føringar, vurdere tiltak for klimagassreduksjon og stille krav til avfallhandtering av dagens bru.

Planprosess

Vestland fylkeskommune ved avdeling for infrastruktur og veg har, etter avtale med Solund kommune og med heimel i plan- og bygningslova § 3-7, teke på seg ansvaret for å organisere planarbeidet og utarbeide planforslaget. Dette omfattar å legge planforslaget ut til offentleg ettersyn og gjennomføre 2. gongs handsaming. Etter offentleg ettersyn vil fylkeskommunen utarbeidd ei oppsummering av innkomne merknader frå høyringsperioden og gjennomføre naudsynte justeringar i planforslaget, før 2. gongs handsaming av planen og endeleg vedtak i Solund kommune.

Oppstartsvarsel for planarbeidet vart sendt ut av Vestland fylkeskommune 07.05.2024, oppstartsmøte vart gjennomført 11.03.2024 og folkemøte vart halde 23.10.2024.

Framdrift

Når ny bru over Ytre Steinsund står ferdig i 2026, vil all trafikk til og frå Ytre Sula bli flytta sørover på øya og leia inn på fv. 5591 Nåravegen. Dette medfører at Rørdalsfjord bru får ei sentral rolle i det nye sambandet. Dagens bru har avgrensingar knytt til høgde og aksellast, og har med åra blitt ein flaskehals for trafikken. I tillegg har brua eit stort vedlikehaldsetterslep, med omfattande korrosjon og skadar på bærebjelkar.


I samsvar med framdriftplanen i tidleg fase var målet å sende planframlegget ut på høyring og vdetak våren 2025, med byggestart mot slutten av 2025. Planarbeidet vart forsinka grunna arkeologiske utgravingar der det vart gjort fleire funn. For å ikkje utsette framdrifta særleg, set tiltakshavar i gang detaljprosjektering parallellt med planarbeidet. Det er ei målsetting å sette trafikk på begge bruene samtidig. Dette krev også ei rask handsaming i Solund kommune etter høyring. Vestland fylkeskommune forventar overlevering for handsaming i Solund kommune i februar/ mars neste år.

Konsekvensar for dagens aktivitet i ormrådet

Vegen skal vere open i heile byggeperioden, med unntak ved sprenging og arbeid som påverkar trafikktryggleiken. Eksisterande fylkesveg og bru vert nytta gjennom heile anleggsperioden, men brua har redusert bereevne som må takast omsyn til. Vegen kan bli stengd i periodar, særleg ved sprengingsarbeid. Tidspunkt og gjennomføring vert avklart i byggefasen, i dialog med kommunen og lokalt næringsliv. For å sikre trafikkavviklinga må vegbana snevrast inn på begge sider av brua, og trafikken leiest med tungsikring og møtelommer.

Brua vert fjerna når den nye brua er ferdig bygd og kopla til det eksisterande vegnettet. Ny fylling blir nytta som fundament for landkar i akse 1 og vert lagt direkte på lausmassar. Akse 2 blir fundamentert med bora stålrørspelar i berg, der vassdjupet er om lag 10 meter og det ligg eit tynt lag med lausmassar over berggrunnen. Akse 3 blir direktefundamentert på berg.

Indre delar av Rørdalsfjorden vert nytta til fiske og rekreasjonsføremål. Det er avklart at seglingshøgda vil bli 3,6 meter og seglingbredda vil bli 9 meter. Dette er minimum på same nivå som med dagens bru.



Det er seks eigedommar som er direkte berørt av reguleringsplanen, derav ein er Vestland fylkeskommune som vegeigar. Berørte grunneigarar vil bli kompensert etter at utbygginga er ferdig og oppmåling kan gjerast. Det vil bli etablert fem parkeringplassar på vestsida for direkte berørte partar: næring, nausteigar og eigar av fritidsbustad på austsida. Det vil også bli etablert ein stopplomme på austsida av brua nær fritidsbustaden der. Flytebryggja som ligg der i dag vil kunne plasserast ut i regulert område i samråd med Solund kommune. Interessene til dei berørte partane vil også undervegs i utbygginga bli sikra.

Solund kommune har deponi av strøsand på vestsida av brua som kanskje må flyttast.

Det vert elles vist til lenke i saka for meir infomasjon.

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer tiltaket med utskifting av bru som eit avgjerande tiltak for at brua over Ytre Steinsund skal kunne ha ein verknad for samfunnet. Dette kjem også fram i planomtalen der tilstanden på dagens bru over Rørdalsfjorden har stort vedlikehaldsetterslep, med omfattande korrosjon og skadar på bærebjelkar. Høgde og akselast er også ein avgrensande faktor.

Framlegget som no ligg føre er etter kommunedirektøren si vurdering ein reguleringsplan med grundige vurderingar, som tek omsyn til krav til bru og veg av dagens standard, samtidig som den finn akseptable løysingar for dagens aktiviteten i området. Planen har også kartlagt godt verdiar i området og i influensområdet, og har etablert avbøtande tiltak som er aksepterte frå regionale mynde.

Med bakgrunn i dette tilrår kommunedirektøren at formannskapet gjer vedtak om å legge reguleringsplanen ut til offentlig ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-10. Tiltakshavar har hatt tett dialog med regionale myndigheiter og grunneigarar, og det vert difor tilrådd at ein set høyringsfristen til seks veker, som er tråd med lova sitt minstekrav.

Kommunedirektøren gjer politikanane merksam på at ein må vere budd på ei politisk handsaming av ein endeleg plan i kommunestyret i løpet av februar/ mars.

